



# Radøy kommune

Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Dato	Sakshandsamar	Vår ref.	Dykkar ref.
24.06.2015	Sveinung Kvamme	14/1418 - 46	

## Budsjettregulering 2015

Vedlagt følger vedtak i sak 030/2015.

Med helsing  
Sveinung Kvamme  
økonomisjef

Andre mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
047/2015	Formannskapet i Radøy	PS	28.05.2015
030/2015	Kommunestyret i Radøy	PS	10.06.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	14/1418	15/5460

## Budsjettregulering juni 2015

### Saksopplysingar:

Rådmannen legg med dette fram sak om budsjettregulering for 2015.

Oppdaterte folketalsprognoser frå SSB syner at Radøy kommune hadde ein liten auke i folketalet i første kvartal, frå 5014 til 5033. Dette er ein vekst på 0,38%. På landsplan er veksten i folketalet berre 0,2%, som er det lågaste sidan 2007. Folketalet har ingen direkte innverknad på inntektene i 2015, men det er greitt å fastslå at folketalet i første kvartal aukar meir i Radøy enn på landsplan, og at vi har fødselsoverskot.

Grunna seint avlagt rekneskap for 2014 er Radøy sine Kostra-tal for 2014 ikkje tilgjengelege før i juni månad, etter Statistisk Sentralbyrå si oppdaterte publisering. Det er såleis ikkje mogeleg å leggja fram oppdaterte kostra-tal i denne budsjettreguleringa.

Rådmannen viser til **tertialmelding for perioden januar – april 2015 og budsjettbrev frå Fylkesmannen i Hordaland** som bakgrunn for reguleringsframlegget. Av budsjettbrevet går det fram at dei frie inntektene er sett om lag 1,7 mill for høgt i 2015. Fylkesmannen legg til grunn at budsjettet vert regulert i samsvar med dette snarast råd.

12. mai vart **revidert nasjonalbudsjett** lagt fram, og dette fører til ein del endringar for kommunesektoren. Det er lagt inn auka midlar knytt til barnehage og rusomsorg, og til skulehelse/helsestasjon. Dette er ikkje øyremerka midlar, men midlar staten meiner kommunane skal nytta til slike tiltak.

Ordninga med redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt er sett i kraft frå 1. mai. Dette er ei søknadsbasert ordning, der familiar med inntekt under ca kr 460.000 skal ha redusert sats for foreldrebetaling. Samstundes er satsen for maksimal foreldrebetaling auka til kr 2.580,- frå 1. mai. Radøy kommune har vedteke lågare satsar enn dette, og det er enno uklårt om ein må gjera nytt vedtak i kommunestyret for å kunna auka foreldrebetalinga til den statleg fastsette maksimalsatsen. Det er førebels usikkert kva konsekvensar den nye ordninga får. Radøy er ein skattesvak kommune, og det er difor sannsynleg at fleire kjem inn under denne ordninga enn snittet for landet. I statsbudsjettet for 2015 er det gitt ein eingongskompensasjon til kommunane for administrative meirkostnader knytt til ordninga. For Radøy sin del utgjør dette ca kr 39.000. Desse midlane inngår i

det samla rammetilskotet.

I tillegg vert det frå 1.8. sett i verk ei ordning med gratis kjernetid i barnehagane for alle fire- og femåringar, frå familiar med låg inntekt. Det blir overført ekstra midlar til kommunane i samband med dette, for Radøy sin del utgjer dette kr 48.000. Desse midlane inngår også i det samla rammetilskotet.

Pårekna skattevekst på nasjonalt plan vert redusert. Dette er knytt både til ei vidareføring av lågare skatteinngang for 2014, samanlikna med den som er lagt til grunn i statsbudsjettet for 2015, og ytterlegare skattereduksjon i dei første månadene i år. Det skuldast i hovudsak lågare pårekna lønsvekst i den norske økonomien, samt lågare skatteinntekter knytte til utførereforma enn tidlegare pårekna. **Sum rammetilskot og skatt** for Radøy kommune i 2015 er no utrekna til kr 259.794.000, mot vedteke budsjett kr 261.821.000. Dette utgjer ein faktisk inntektsreduksjon på kr 2.027.000 i 2015. I høve til fylkesmannen si oppstilling gir altså det reviderte kommuneopplegget ytterlegare reduksjon på vel kr 300.000. Dette skuldast primært skattesvikten på landsplan, sjølv om Radøy kommune blir kompensert med kr 783.000 i rammetilskotet.

Budsjettet for 2015, slik det vart vedteke av kommunestyret, syner eit netto negativt driftsresultat på kr 1.656.000. Bruk av bundne og ubundne fond gjer at budsjettet balanserer med eit mindreforbruk på kr 110.000,-.

Rekneskapen for 2014 er gjort opp med eit meirforbruk på kr 4.649.952. Disposisjonsfondet ved utgangen av 2014 var på 6.085.532. Vedteke bruk av disposisjonsfond i 2015 er kr 800.000,-. Dersom disposisjonsfondet også skal nyttast til å dekkja meirforbruk frå 2014, vil disposisjonsfondet vera redusert til om lag kr 630.000 ved utgangen av 2015, under føresetnad av fondet ikkje vert nytta til andre føremål i løpet av året.

Etter rådmannen si vurdering må det vera rett å nytta disposisjonsfondet til å dekkja underskotet frå 2014 og det som er eventuelt er nødvendig for å dekkja meirforbruk i 2015. Det blir ei krevjande nok oppgåve å redusera driftsomfanget tilstrekkeleg til å få positiv drift i 2015.

Rådmannen har varsla alle leiarar om at einingsfonda, som er ein del av disposisjonsfondet, er «frosne» inntil vidare, slik at det ikkje kan nyttast til tiltak på dei einskilde tenesteområda. Som ein «kompensasjon» for denne inndraginga, har rådmannen opna for at det kan søkjast om investeringsmidlar til særskilde tiltak, der leiarane har planlagt å bruka fondsmidlar, ref også investeringsdelen lengre ut i dette dokumentet.

Rådmannen vurderer det som sannsynleg at **rentekostnadene** vert noko lågare i 2015 enn føresett. Rentenivået har lagt på 2% i år, og ingenting tyder på at renta kjem til å auka i 2015. Det kan såleis leggjast til grunn ei innsparing på om lag kr 429.000 i 2015, slik at samla rentekostnader vert om lag 5,8 mill.

Det vil også vera mogeleg å betala litt lågare **avdrag** i 2015 enn budsjettet. Legg ein til grunn fylkesmannen si vanlege utrekning med avdrag på 3,5% av gjelda, kan avdraga reduserast til om lag kr 7.950.000 i 2015. Dette gir ei innsparing på om lag kr 290.000,-.

Samla eigedomsskatt i 2015 vil truleg bli om lag 200.000 høgare enn føresett. Dette skuldast mellom anna nokre omtakserte verk og bruk.

Tertialrapporten for januar – april syner at både oppvekst og drift og forvaltning vil kunna få meirforbruk iht budsjett. Også innan helse og omsorg kan det blir meirforbruk, men dette er enno uvisst. Leiarane er vel kjende med at budsjetttrammene skal haldast, men drifta skal vera forsvarleg, og dei som har krav på tilbod, må få dette. Handlingsrommet for innsparingar kan såleis vera svært

lite.

Verknadene av den nye ordninga for redusert foreldrebetaling i barnehagar for familiar med låg inntekt vil føra til reduserte inntekter for barnehagane, utan at det er mogeleg å talfesta dette no.

I vedteke budsjett ligg det innsparingskrav til Drift og forvaltning, og det er krevjande nok å realisera dette.

Rådmannen har sett ned ei stillingsgruppe som skal vurderer alle ledige stillingar før utlysing. Gruppa har alt hatt første møte. Mellom anna vert det ein «hovudregel» at stillingar skal stå vakante ein periode før tilsetjing. Rådmannen er overtydd om at det ligg innsparing i dette.

Vidare vil rådmannen setja i verk innsparingstiltak på fleire område, jf oppstillinga nedanfor. Innsparingane er førebels ikkje konkretiserte, og både tillitsvalde og tilsette må involverast i den vidare prosessen.

Oversynet nedanfor syner endringane i skjema 1A og 1B.

<b>Budsjettregulering vår 2015</b>				
<b>Ramme for drifta (skjema 1a)</b>	<b>Budsjett 2015</b>	<b>Prognose avvik 2015</b>	<b>Budsjett-regulering</b>	<b>Prognose regulert</b>
Skatt og rammetilskot	261 821 000		-2 027 000	259 794 000
Eigedomsskatt	11 528 000		200 000	11 728 000
Generelle statstilskot	6 739 000			6 739 000
Renteinntekter og utbytte	4 609 000			4 609 000
Renteutgifter	6 229 000		-429 000	5 800 000
Avdragsutgifter	8 240 000		-290 000	7 950 000
<b>Sum frie inntekter før fondsbruk</b>	<b>270 228 000</b>	<b>-</b>	<b>-1 108 000</b>	<b>269 120 000</b>
<b>Drift (skjema 1b)</b>				
		<b>Regulering</b>	<b>Regulering</b>	
Stab og fellestenester	18 251 000	-	-250 000	18 001 000
Oppvekst	108 187 000	300 000	-400 000	108 087 000
Helse og omsorg	119 581 000	-	-800 000	118 781 000
Drift og forvaltning	24 099 000	300 000	-150 000	24 249 000
<b>Sum drift</b>	<b>270 118 000</b>	<b>600 000</b>	<b>-1 600 000</b>	<b>269 118 000</b>
<b>Netto</b>	<b>110 000</b>			<b>2 000</b>

## Investering

Det er avklåra at investeringsmidlar avsett til prosjekt «Breiband infrastruktur» i praksis ikkje kan nyttast til utbygging av fiber. Derimot ønskjer kommunen å byggja ei ny mast med innplassering av basestasjon(ar) for mobiltelefoni i Sletta-område. I praksis vil dette gi breibandsdekning til mange som ikkje har dette i dag. Det vert også etablert ein basestasjon med 4G-sendar på Manger. På denne måten meiner rådmannen at intensjonen om vidare utbygging av breiband er godt ivareteken.

Prosjekt «Mindre investeringar» vert prioritert til tiltak som leiarane for tenesteområda har søkt om, som kompensasjon for «frosne» einingsfond, jf merknader til bruk av disposisjonsfond ovanfor.

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Driftsbudsjettet for 2015 vert justert i samsvar med oppstillinga i saksutgreiinga knytt til skjema 1A og 1B.

## **Formannskapet i Radøy - 047/2015**

### **FS - handsaming:**

Økonomisjef Sveinung Kvamme orienterte i saka. Fylkesmannen i Hordaland har kome med klare føringar for at kommunen må justera ned driftsbudsjettet med 1,7 mill. kroner i 2015. Kommunen har ikkje tilstrekkeleg midlar å driva for, og flyt på unytta lånemidlar. Likviditetet er svak, og det vil røyna på mot slutten av året. Han peika på at det må gjerast strukturelle grep for å få driftskostnadane ned.

Rådmannen viste til at arbeidet med innsparingar i dei ulike sektorane er i gang. Det finst ingen buffer å gå på. Det må gjerast grep for ikkje å gå med underskot i 2015. No handlar det først og fremst om kortsiktige tiltak, men rådmannen er tydeleg på at det er nødvendig å gjera meir djuptpløyande og langiktige tiltak i neste runde. Det må gjerast i samband med budsjettprosessen for 2016.

Frøde Hervik (V) ser Robek-spøkelset i horisonten dersom ikkje den økonomiske situasjonen blir retta opp. Han peika på at posten for mindre investeringar er føreslege brukt til anna formål, og etterlyste i den samanheng kjøp av stolar til kinosalen. Hervik viste til intensjonen om at kommunen skulle kjøpa kinostolar når det dukka opp eit godt tilbod i marknaden. Han ba difor om at sak om kinostolar vert lagt fram til politisk drøfting neste gong det moglegheit for å gjera eit godt kjøp dukkar opp.

Ann Christin Hoen (A) etterlyste status for nedtrekk teknisk forvaltning. Rådmannen informerte om tiltak som er gjort, mellom anna ved å tillegga teknisk forvaltning fleire oppgåver også knytt til bruk av leiarressursar.

Finn Frantzen (KrF) meiner det er behov for ei gjennomgang av drifta på legesenteret. Han stilte også spørsmål ved auke i tal tilsette i kommunen dei siste to-tre åra. Rådmannen viste til at nye stillingar i kommunen har samanheng med utvida tenestetilbod, t.d. i Omsut, og ikkje har samanheng med styrka bemanning.

Roy Bø (FrP) uttrykte stor bekymring over det høge sjukefråveret, og han oppmoda administrasjonen om å vurdere tiltak for å få sjukefråveret ned. Rådmannen sa at langtidssjukefråveret er den største utfordringa, og informerte om ulike tiltak vert vurdert for å få ned sjukefråveret.

Kenneth Murberg (H) ser behov for større fokus på budsjett disiplin, og støttar ein gjennomgang for å sikra optimal drift i den kommunale drifta. Han signaliserte også at han ikkje føler at nye leiarordninga i kommunen ikkje har innfridd forventningane hans. Han ønskjer meir proaktivitet.

Ordføraren oppmoda rådmannen om å utsetja nyoppretta stilling som kommunepsykolog, og også utsetja andre nyoppretta stillingar. Ordføraren gav også uttrykk for at nyttilsetjing av plankonsulent også må vurderast på nytt i lys av budsjettvedtak om nedtrekk på avdelinga, og heller vurdere omrokking av ressursane på avdelinga.

Rådmannen peika på at månadsrapporteringa frå tenestene er eit ledd i å styrka budsjett disiplin og ansvarleggjing. Han får full oppbakking til å gå vidare med arbeidet for å redusere driftskostnader

ut frå saksutgreiing og signala som kom fram i møtet. Rådmannen kjem tilbake med oversikt over konkrete tiltak på neste møte i formannskapet.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - vedtak:**

Driftsbudsjettet for 2015 vert justert i samsvar med oppstillinga i saksutgreiinga knytt til skjema 1A og 1B.

### **Kommunestyret i Radøy - 030/2015**

#### **KS - handsaming:**

Økonomisjefen orienterte om arbeidet med å justera 2015-budsjettet ned, og infomerte om at det blir lagt fram tiltak på detaljnivå til formannskapet 18. juni.

*Frode Hervik (V) med følgjande tekstframlegg til budsjettregulering:*

1. Organisasjonsstruktur med kommunalsjefar vert gjenstand for evaluering. Evalueringa må vera uavhengig av rådmannsgruppa. Dei tilsette må inkluderast i evalueringsprosessen. Evalueringa må føreliggja før endeleg handsaming av budsjett for 2016.
2. Det vert vurdert å gjera Austebygd skule til ein filial under Hordabø skule med felles rektor. Rådmannen kjem tilbake til politisk nivå med sak om barnehage- og skulestruktur hausten 2015, med sikte på slutthandsaming før endeleg handsaming av budsjett for 2016.
3. Det vert vurdert nærare moglege innsparingar på Radøy Interkommunale Busenter (RIB) i samband med budsjett for 2016. Rådmannen kjem tilbake med politisk sak, der ein strategi for institusjonen vert drøfta.

*Kenneth Murberg (H) kom med følgjande framlegg:*

Radøy Høgre legg til grunn rådmannen sitt nedtrekk.

Radøy Høgre legg også til grunn at det vert innført budsjett disiplin i kommunen, og at kvar sektor korrigerer drifta i samsvar med budsjett.'

Etter drøftingar og gruppemøte kom det framlegg om å oversenda framlegga frå Hervik og Murberg til vidare handsaming i formannskapet.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si tilråding, med framlegg sett fram i møte.

#### **KS - vedtak:**

Driftsbudsjettet for 2015 vert justert i samsvar med oppstillinga i saksutgreiinga knytt til skjema 1A og 1B.

*Oversendingsframlegg til formannskapet (Frode Hervik (V))*

1. Organisasjonsstruktur med kommunalsjefar vert gjenstand for evaluering. Evalueringa må vera uavhengig av rådmannsgruppa. Dei tilsette må inkluderast i evalueringsprosessen. Evalueringa må føreliggja før endeleg handsaming av budsjett for 2016.
2. Det vert vurdert å gjera Austebygd skule til ein filial under Hordabø skule med felles rektor. Rådmannen kjem tilbake til politisk nivå med sak om barnehage- og skulestruktur hausten 2015, med sikte på slutthandsaming før endeleg handsaming av budsjett for 2016.
3. Det vert vurdert nærare moglege innsparingar på Radøy Interkommunale Busenter (RIB) i samband med budsjett for 2016. Rådmannen kjem tilbake med politisk sak, der ein strategi for institusjonen vert drøfta.

*Oversendingsframlegg til formannskapet (Kenneth Murberg)*

- Radøy Høgre legg til grunn råmannen sitt nedtrekk.
- Radøy Høgre legg også til grunn at det vert innført budsjett disiplin i kommunen, og at kvar sektor korrigerer drifta i samsvar med budsjett.